

6-ar volleyball U13 klassen

Dette er eit prøveprosjekt som kan gjennomførast i regionane. Dette kan gjere overgangen frå minivolleyball til U15 lettare, og gjev god utfordring for dei som har spelt mini nivå 4 ei stund.

Reglar:

Reglane er like som ein vanleg volleyballkamp på aldersbestemt med desse tilpassingane :

KAMP:

- Det er 3-settskamp, og kvart sett går til 15 poeng og ein må vinne med to poeng. Dersom det vert eit tredje sett, så går også dette settet til 15 poeng.
Det vil seie at sannsynlegvis er nok med 30 min på kvar kamp.

SERVE:

- Ein kan berre serve maks 3 servar på ei serverunde.
Då vil ein unngå ei lang serverekke og få meir spel
- Dersom ein ikkje får serveren over, kan ein gå 1-2 meter inn på bana, men då kan ein berre serve underarmsserve.
Dette vil gjere at fleire opplever meistring, men skal ikkje utnyttast

BANESTORLEIK

- Baklinja er 7 meter frå nettet i staden for 9 meter.
Bana kan opplevast som svært lang når ein går frå minivolleyball til ungdomsvolleyball.
- Breidda på bana er 9 meter.
Banestorleiken er ikkje endeleg, då det er viktigare å skape aktivitet og bruke den hallflata ein har tilgjengeleg.

NETTHØGDE

- Jenter: 212 cm
- Gutar: 218 cm

SPELARAR

- Antal spelarar: 4 til maks 6 spelarar.
- Innbyttar: dersom ein har innbyttar, roterer alle spelarene til laget ut og inn ei bestemt rekkefølge som gjer til at alle spelarane spelar like mykje.
*Eksempel: ein kan rotere inn innbyttaren før serve. Dersom ein har to innbyttarar, så kan ein og ein roterast inn på serve, eller ein kan rotere inn ein på serve og ein framme i posisjon 4,
Målet med regelen er at alle skal spele like mykje og at ein ikkje skal sitte ute for lenge.*
- Ein kan ikkje nytte liberospelar i denne aldersklassen.

ALDER U13

- 6. og 7.klassingar

Dette er veiledane aldersklasse, ein kan gjere unntak dersom dette skaper aktivitet.

Ein kan ikkje gjere unntak for å styrke laget.